

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I GULEN

Jfr. lov av 7. juni 1996 nr 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) §21.

Vedteken av Gulen kyrkjelege fellesråd i sak 5/16 og godkjent av Bjørgvin bispedømeråd, dato 19.01.2017. Vedtektene trer i kraft frå 01.03.2017.

§1 Gravplasztilknytning

Avlidne personar som ved dødsfallet var manntalsførte i kommunen har rett på fri grav på gravplass i kommunen. Dette gjeld også om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd utanfor kommunen dei siste fem åra, og av den grunn ikkje er manntalsført der.

Kyrkjeleg fellesråd kan gje løyve til at også avlidne personar utan bustad i kommunen kan gravleggast på ein gravplass i kommunen, men då vert det kravd dekning av kostnader ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

§ 2 Fredingstid

Fredingstida er 30 år for kistegrav og 20 år for urnegrav. På Mjømna, felt B og D, er fredingstida 40 år. På Rutle gravplass er fredingstida 60 år. Urne kan settast ned i kistegrav i fredingstida, jfr. GL § 8.

§3 Feste av grav

I lag med ei frigrav kan ein feste ei grav ved sidan av, normalt for 5 år om gongen. Etter søknad til kyrkjeleg fellesråd kan ein feste to graver i tilknytning til gravlegging i frigrav.

Også alle festa graver blir betalingsfrie (festeavgifta blir sett til kr. 0,00) i fredingstida etter kvar ny gravlegging. Ny festeperiode begynner etter den betalingsfrie perioden. Eventuell resterande tid av gjeldande festeavtale vert ikkje teke omsyn til når festa grav vert nytta til ny gravlegging.

Når fredingstida / festetida er omme, kan grava festast vidare for 5 år om gongen. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging kan festet ikkje fornyast utan etter særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd.

Festaren skal varslast om at festetida er ute. Dersom festet ikkje vert fornya innan 6 månader etter at varsel er sendt, fell grava attende til gravplassen og kan fritt nyttast om att av kyrkjeleg fellesråd.

Dersom det ikkje er mogeleg å hente inn festaren eller den ansvarlege for grava sitt samtykke til sletting eller bruk av ei grav, kan kyrkjeleg fellesråd avgjere bruk av grava.

Festar pliktar å melde adresseendring.

§ 4 Grav og gravminne

Når ei grav vert opna, kan jord leggst på gravene omkring og gravutstyr kan mellombels flyttast.

Montering av godkjent gravminne kan skje på tilvist plass når jordmassane har sett seg etter oppgraving, normalt etter 6 månader. I tida før gravminne kjem opp, syter kyrkjeleg fellesråd for merking av grava, og for planering og tilsåing. På ny dobbelgrav / festa gravstad vert gravminnet plassert i bakkant av den grava som vert teken i bruk. Dersom festar ønskjer at gravminnet på festa gravstad vert sentrert mellom gravene, kan festar sjølv ta initiativ til det.

Eventuelle dekorgjenstandar på gravminnet skal vere sømelege og av ein kvalitet som tåler tilhøva på gravplassen. Kyrkjeleg fellesråd har ikkje erstatningsansvar for skade på gravminne / dekor som følgje av vanleg vedlikehald og drift av gravplassen.

§ 5 Plantefelt

Det er mogeleg å opparbeide plantefelt framfor gravminnet i høgd med bakken omkring. Dersom det ikkje er plantefelt skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Som hovudregel skal plantefeltet ikkje vere breiare enn gravminnet. Dersom gravminnet er lite, kan plantefeltet likevel vere opp til 60 cm. Plantefeltet skal ikkje vere lengre enn 60 cm målt frå gravminnet sin bakkant. Ein gravstad / festa grav kan berre ha eit plantefelt.

I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig gravminnet si høgd, går ut over plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det må ikkje plantast noko utanfor gravminnet. Dersom vokstrar i plantefeltet vert høgare enn gravminnet eller veks utover plantefeltet på 60 cm, kan festar / ansvarleg bli pålagt å skjære ned / ta vekk planten/busken.

Eventuell innramming av plantefeltet skal flukte med terrenget omkring. Innramming med større anleggsflate enn normal kantstein (planteplate) kan difor berre nyttast når terrenget er flatt, og skal då leggest i drenerande masse (grus) og vere minst 5 cm tjukk.

Eventuelle dekorgjenstandar monterte på gravminnet, på planteplate eller i plantefeltet skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for normalt vedlikehald inntil og rundt gravminnet / plantefeltet. Dekorgjenstandar skal vere sømelege og av ein kvalitet som tåler tilhøva på gravplassen. Festar / ansvarleg for grav skal førebygge at ikkje lause dekorgjenstandar bles bort, og skal fjerne gjenstandane etter bruk.

Kyrkjeleg fellestråd har ikkje erstatningsansvar for skade på dekorgjenstandar i plantefeltet, innramming av plantefelt eller plater i plantefeltet når skaden skuldast vanleg drift av gravplassen.

§ 6 Materialbruk

Plantar, kransar og liknande materiale som vert brukt ved gravferd eller pynting av grav, og som endar som avfall, skal kunne komposterast.

§ 7 Stell av grav og kjøp av gravstell-avtale

Den som er ansvarleg for fri grav eller festar ei grav har rett og plikt til å stelle grava i samsvar med lov, forskrift og gravplassen sine vedtekter. Plantefelt som over tid ikkje vert stelte skal ryddast og såast til med grasfrø av den ansvarlege eller av kyrkjeleg fellestråd.

Kyrkjeleg fellestråd kan, mot betaling, syte for stell og planting på gravstad. Avtalen vert gjort mellom festar / ansvarleg for grav og kyrkjeleg fellestråd. Avtalen skal regulere tidsrom og gje rammer og pris for stell. Gravstell skal betalast på forskot, og avtalen gjeld frå innbetaling. Avtalen kan ikkje opprettast for lengre tidsrom enn fredingstida / festetida varer. Dersom dei innbetalte midlane ikkje strekk til for den avtalte perioden, skal festaren varslast slik at det eventuelt kan tilførast meir midlar. Dersom det står att midlar når avtaletida er ute, vil resterande midlar verte nytta til generell prydnad på gravplassane.

§ 8 Bårerom

Kyrkjeleg fellestråd disponerer båreromma i tilknytning til kyrkjene. Båreromma skal berre nyttast til å ta vare på avlidne fram til gravferda, og ingen har tilgjenge til båreromma utan løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda.

§ 9 Gravarteneste og næringsverksemd

Kyrkjeleg fellestråd er ansvarleg for gravar. Tenesta kan kjøpast av andre eller vere tenesteyting frå kommunen. Gravar er kyrkjeleg fellestråd sin representant ved gravferder, jfr. forskrift til gravferdslova § 12, 2. ledd.

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassane må ha løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter gjeldande reglar. Næringsverksemd skal avgrensast til å gjelde montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

§ 10 Ro og orden

Alle som oppheld seg på og ved ein gravplass pliktar å vise omsyn til den særeigne plassen og andre menneske som besøker gravplassen. På gravplassane er det ikkje tillate med aktivitetar som uroar gravplassfreden, slik som td. sykling, utøving av sport og leik. Hundar / andre dyr skal haldast i band.

Etter gravstell må avfall sorterast som restavfall, plast og kompost, og leggst i merka avfallsdunkar. Reiskap som høyrer gravplassen til, skal settast attende på plass.

§ 11 Verna graver / område på gravplassane

Kyrkjeleg fellestråd har oversyn over graver / område på gravplassane som er vedteke verna og dei aktuelle gravene er merka av på gravkart og i gravregister.

For gravene som er inkludert i vernevedtaket er dei aktuelle gravfestarane kontakta og dei har underteikna avtale om sine særskilte rettar og plikter når vedkomande grav vert verna. Ny avtale må gjerast ved kvar ny festar. Det kan ikkje krevjast at gravfestar skal inngå slik avtale om vern.

På verna graver kan ikkje gravminne og anna utstyr på gravene flyttast eller fjernast når dei har stått på grava i 50 år eller meir. Det kan leggst til namn på gravminnet på skriftflata, eventuelt på baksida. Alternativt kan det monterast ei liggande namneplate av same materiale og med same overflatebehandling som gravminnet har. Storleik og plassering skal godkjennast av kyrkjeleg fellestråd.

Når det vert tilvist graver på verna område av gravplassane, vert det lagt til grunn at festarane er villige til å velje gravutstyr som harmonerer med eigenarten på feltet.

Kyrkjeleg fellestråd ber om å få overta gravutstyr på verna graver som fell attende til gravplassen etter siste festeperiode. Dei aktuelle gravene vil ikkje verte nytta til ny gravlegging og vil ikkje bli tilplanta.

Kyrkjeleg fellestråd kan etablere godt merka «museumsområde» på gravplassane for å vise gravminne som har verneverdi, men som ikkje står på den opphavlege plassen sin.

På gravplassen i Brekke er det eit slikt område på muren ved bårhuset. På Gulen gravplass er fleire graver verna og står på opphavleg stad. Gravminne med verneverdi som vert flytta frå opphavleg stad, kan settast opp på felt C ved Gulen kyrkje.